Setesdal interkommunalt politisk råd

Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

| Vår ref.: | Sakshandsamar: | Dato |
|---|---|---|
| 2021/2-43 | Rita Hansen | 07.09.23 |

**REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 4. SEPTEMBER 2023**

Møtestad: Nesmoen, Bygland kommune
Møtetidspunkt: 7. september kl 1000- 1330
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune
Steinar Kyrvestad, Valle kommune
Jan D. Dalen, Bykle kommune
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Forfall: Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune

| Sak | Merknad | Ansvar /frist |
|---|---|---|
| **1 - Godkjenning av referat frå førre møte**<br><br>Referat godkjent.<br>Ein held fram med å ha referat, møteplan osv på nettsida, og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Vert også sendt til postmottaka. | | |
| **2 – Leiars hjørne**<br><br>Gjensidig koordinering og informasjon kring kven som deltek på andre arenaer den nærmaste framtid. | | |
| **3 - Politisk påverknadsarbeid**<br><br>Sigbjørn følger opp med sikte på teamsmøte eller møte i Oslo med Abel Cecilie Knibe Kroglund. Tema nasjonal turistveg. | | Sigbjørn |
| **4 – Oppstartsmøte - lokalisering av statlige arbeidsplasser**<br><br>Dialog kring møte 6. september *Oppstartsmøte - Regionalt samarbeid om lokalisering av statlige arbeidsplasser.* Styreleiar og dagleg leiar deltek.<br><br>Bakgrunn, v*edtak i fylkesutvalet: «Fylkeskommunen inviterer de fire regionsamarbeidene Østre Agder, Region Kristiansand, Lister og* | | Sigbjørn og Rita |

| | | |
|---|---|---|
| *Setesdal med som deltakere i prosjektet «Regionalt Kristiansand lar seg representere gjennom sine respektive regionsamarbeid. Den årlige kostnadsrammen på inntil 650 000 kroner fordeles mellom deltakerne etter nærmere avtale, og fylkeskommunens andel tas fra midler avsatt til fylkesutvalgets disposisjon. Videre bekrivelse av innhold og rammer for prosjektet avklares direkte mellom fylkeskommunen og deltakerne i prosjektet».*<br><br>Invitasjonen frå fylkeskommunen vart følgd opp med vedtak i styre i Setesdal IPR 28. september 2022 slik:<br>*1. Setesdal interkommunalt politisk råd er positive til invitasjonen frå Agder fylkeskommune om regionalt samarbeid om lokalisering av statlege arbeidsplassar til Agder.*<br>*2. Styreleiar deltek som representant frå Setesdal IPR i prosjektets styringsgruppe. Dagleg leiar bistår administrativt.*<br>*3. Endeleg fordeling av kostnadar til prosjektet er ikkje avklart, men styret sett av kr 400 000,- til prosjektet. Midlane hentast frå fond 55699904, ledige midlar.*<br><br>Generell dialog kring temaet og prosessen vidare. | | |
| **5 - Dialog kring kommande møte om utvikling av den regionale kompetansepolitikken**<br><br>Agder fylkeskommune inviterer til møte 6. september med tema «Utvikling av den regionale kompetansepolitikken». Styreleiar og dagleg leiar deltek.<br><br>Bakgrunn: *En av fylkeskommunens roller er å bedre balansen mellom tilbud og etterspørsel etter kompetanse i det regionale arbeidsmarkedet. Et virkemiddel er fleksibel og distriktsvennlig utdanning*.<br><br>Rita orienterte kort om arbeidet som vert gjort i administrasjonen. Generell dialog kring temaet. | | Sigbjørn og Rita |
| **7 – Prosess og tidspunkt for konstituering**<br><br>Formelle prosesser som er beskriven i vedtektene våre.<br><br>§ 3.2 STYRET<br><br>Representantskapet oppnemnar styrets medlemmar. Styret skal ha to faste styremedlemar og to varamedlemmar frå kvar deltakarkommune. Ordførar og båe kjønn skal vere representert blant de faste styremedlemar. Funksjonstida følgjer kommunevalperioden. Styret vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen. Dette skal gå på omgang mellom kommunane.<br><br>Representantskapet vel styre.<br><br>Fordel at nye kommunestyre også tek omsyn til kandidatar til styre i Setesdal IPR så raskt som mogleg.<br><br>Tek sikte på å ha representantskapsmøte og styremøte 25. oktober. Dato avklaras om kort tid. (Mogleg representantskapmøte bør vera på teams – einaste sak er å velje nytt styre).<br><br>Prinsippa for rullering mellom kommunane tilsier at: det er Bykle kommune sin tur til å ha styreleiar, og Åseral til å ha nestleiar. Det er Evje og Hornnes sin tur til å ha leiar av representantskapet. | | Inger Lise, Sigbjørn og Rita |
| **8 - Bedriftsbesøk** | | |

| | | |
|---|---|---|
| Etter det ordinære møtet, vart det bedriftsbesøk. Denne gongen går turen til Containertech (tidlegare kjend som Skild) kor me møter Kjell Rune Heia.<br><br>Meir info:<br>https://www.setesdal.no/bedriftsbesoek-til-containertech.6619406-480629.html og på Setesdal IPR sin facebookside https://www.facebook.com/setesdalregion | | |
| **Neste møte:**<br><br>Blir i Evje og Hornnes kommune, 16. oktober kl 1000-1500, inkl bedriftsbesøk. | | |

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen
dagleg leiar